

SPRÅKRÅDET

Kultur- og kirkedep.

31. AUG. 2007

2007, 2492-039

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

REF.

VÅR REF 200700136 -2 SYL

DATO 31.08.07

Allmennkringkastingsplakaten for NRK. Høyringsfråsegn

Me viser til tilsendt høyringsnotat, dagsett 22. mai 2007. Det har ikkje vore ordinær styrebehandling av Språkrådets høyringsfråsegn (neste møte er 13. september), men styremedlemmene har hatt fråsegna til gjennomsyn per e-post.

Generell kommentar

Sjølve plakaten er dei fem underpunkta som er rekna opp under 'Allmennkringkastingsplakat for NRK'. Viss dette skal bli ein kortfatta plakat med fem punkt, bør det utarbeidast ein kommentar som forklarar korleis enkelte punkt skal forståast. Fleire formuleringar treng utdjuping for å kunna gje god mening. I så fall reknar Språkrådet med at våre kommentarar kanskje først og fremst høyrer heime i ein forklarande del. Språkrådet kommenterer hovudsakleg det tredje underpunktet på plakaten, som har til overskrift 'NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur'.

Språkrådet meiner det er viktig å presisera overfor NRK at dei språklege føringane ikkje berre gjeld dei tradisjonelle medieformene, men også dei nye mediekanalane (internett, nettsider og andre blandingsformer). Prinsippet må vera at reglane gjeld all språkbruk som har karakter av allmenn 'kringkasting'. Difor må det gjerast eit tydeleg skilje mellom formidlingsspråk ('programspråk') og språket brukt i drift, forvaltning og administrasjon. Når det gjeld det siste, administrasjon og forvaltning, er det eventuelt eit område for mållova, sidan NRK er eit statleg aksjeselskap. Men dét er ei anna sak. Mållova er ikkje laga med sikte på kringkastingspråk.

Det er heva over tvil at i den nye globaliserte medieverda er alle mindre nasjonalspråk under press, og i vårt land er NRK ein av dei aller viktigaste aktørane som kan gjera ein innsats for å ta vare på norsk som eit fullverdig bruksspråk. Dette er grunnleggjande. NRK spelar ei nøkkelrolle i demokratibyginga og for vårt kulturelle sjølvstende. Slikt kan godt stå på trykk.

Kommentar til einskilde punkt

Det må seiast tydeleg at NRK, i sin kanskje meir uavhengige posisjon som allmennkringkastar, framleis skal følgja statens rettskriving og språkpolitiske føringar, uttrykt av Stortinget. Dette kravet inneber at NRK er pålagd å ha sendingar der talt bokmål eller nynorsk blir nytta, basert på gjeldande rettskriving. Og det inneber at NRK i all tekstleg formidling til publikum skal følgja rettskrivinga. Hittil har dette i NRK vore teksting og tekst-tv, men no må det òg gjelda nettsider. Undersøkingar viser at dei unge (under 30 år) i dag faktisk bruker

nettsidene meir enn tv, og då er det viktig at språkkrava til nettsidene blir nemnde spesifikt. I dei siste åra har det oppstått interaktive former. Desse nye blanda formene skal ikkje falla utanfor det som blir formulert om språklege rammevilkår.

Dessutan bør det nokon stad stå at NRK har eit særleg ansvar andsynes barn og unge når det gjeld korleis ein bruker norsk språk i program for denne målgruppa.

Kulepunktet 'NRKs tilbud skal i hovudsak bestå av norskspråklig innhold' står i det heile svært sentralt. Ein ting er at 'norsk' tyder bokmål og nynorsk, men i dag er svært mange program i NRK verken på bokmål eller nynorsk. Mykje, kanskje det meste, er dialekt eller dialektprega tale. Mediespråket i NRK er med andre ord delt i tre store sekker: dialekt, bokmål, nynorsk. Sidan NRK stadig vil vera pålagd å ha ein viss prosentdel nynorsk i sendingane (eller rettare: i det samla tilbodet dei har, tekst eller tale), bør NRK ha måtar å 'konvertera' dialektbruken om til høvesvis 'bokmål' eller 'nynorsk'. Berre slik kan NRK ha eit grunnlag for å vita korleis språkfordelinga er. Alternativet er å operera med tre kategoriar, dialekt, bokmål, nynorsk. Men då kan det i praksis bli svært vanskeleg å krevja til dømes 25% nynorsk i det talte NRK-språket.

NRK har rutinar og tradisjon for å handtera slike spørsmål, men det er på sin plass å nemna problemstillinga, sidan dokumentert språkstatistikk stadig er eit krav til NRK.

Når det gjeld talespråk og dialekt elles (NRK skal spegla det språklege mangfaldet), bør NRK ha retningslinjer som sikrar at dialekt verkeleg er ei eller anna form for dialekt, og ikkje berre eit heilt vilkårlig personleg blanda talemål. Det sistnemnde set naturleg og spontan dialektbruk i vanry.

NRK bør by publikum eit visst minstemål av framandspråkleg mangfald. Det er ingen grunn til at 'internasjonalisering' i NRK skal tyda 'engelsk'. Tysk og fransk må høyrast med jamne mellomrom, og også andre framandspråk må sleppa til. EBU har truleg vedteke dette mange gonger.


Samisk står nemnt, med rette. Men det bør koma fram at vår språklege kvardag er meir samansett enn som så. Ein ting er at me historisk har fleire minoritetar (kvensk, rom, romani osv.). I tillegg har det kome store nyinnvandra språkgrupper etter 1970. NRK bør vel (framleis) ha eit visst medieansvar for denne samfunnssituasjonen?

Sluttkommentar

Det Språkrådet har kome med av merknader ovanfor, rører mest ved språkpolitiske forhold som det er viktig at NRK får signal om. Det må ikkje rå tvil om kva slags språklege rammevilkår som gjeld for ein allmennkringkastar som NRK. Ingen andre av allmennkringkastarane i Noreg står i NRKs posisjon når det gjeld språk. Dette er så grunnleggjande at det bør koma fram i plakaten. NRK står ikkje språkleg eller språkpolitisk fritt. TV 2 får konsesjon frå departementet, men har ikkje plikt til å følgja statleg rettskriving eller språkpolitikk. NRK er den einaste kringkastaren som er underlagd slike føringar. Noko av det me har skrive, har såleis ikkje uventa med forhold å gjera som står omtalte i dei reglane for språkbruk som NRK nettopp har vedteke (juni 2007). Der òg var Språkrådet høyringsinstans.

NRK bør elles ha eit ansvar for å samarbeida med dei andre allmennkringkastarane i Norden om utveksling og sending av kvarandres program. Det er heldigvis opparbeidd ein viss tradisjon for at NRK viser svenske og danske seriar. Omfanget av nabolandsfjernsyn må ikkje bli redusert, heller styrkt. Eit av dei viktigaste kulturpolitiske måla i Norden er å halda oppe den nordiske språkforståinga og samhandlingskompetansen. Utan bidrag frå allmennkringkastarane er dette eit fåfengt politisk mål.

I den globaliserte medieeverda blir det viktigare enn før at NRK held oppe medvitet om det særlege språkkulturelle ansvaret dei har som statleg allmennkringkastar. Den eigenproduserte reklamen for det nye NRK 3 som gjekk sommaren 2007, var ikkje noko mønster i så måte. Det einaste som fanst av språk i denne reklamesnutten, var nokre engelske ordbitar og linjer av ein engelskspråkleg song. Slikt er ikkje bagatellar.



Sylfest Lomheim
direktør